

Isakstua (gnr. 174)

Isakstua hører til i den store gruppa av gardnamn der grunnordet i namnet er eit mannsnamn, namnet på bureisaren. Her har altså og ein Isak rydda seg tun og bygd seg heim.

Vi finn bruket først omtala i år 1705: Johannes Reiersen hadde da fått bygselseddel på Isakstua av oberst og kommandant Olle Brun, og bruket hadde da før den tid truleg vore krongods.

I 1710 er Ole Siverson nemnt i samband med Isakstua. Han gav da kvittering til Erik Sørhove, som var formyndar for kona hans: Kari Hansdtr., for arv som ho hadde fått etter foreldra sine på Fagstad.

Ni år seinare hadde i 1719 Johannes Isakstuen innstemna Lars Larsen Nordhove fordi han hadde ”tilforhandlet sig plassen Isachstuen”. – I denne strid som da vart om eigedomsretten til Isakstua, måtte Johannes vike plassen for Ole Siverson. –

8. juni 1719 gav så Lars Larsen Nordhove skjøte til ”Olle Siverson og hans hustru og børn på den halve Ødegaard Isachstuen kaldet for sum 110 rd.” Dermed var altså Ole Siverson blitt både brukar og jordeigande bonde av sin del av Isakstua.

Fire år seinare var Isakstua kome i slik hevd at bruket vart tatt med i matrikkelen av 1723. Der er det fortalt at oppsittaren Ole Siverson ganske riktig var både eigar og brukar av Isakstua, og at den årlege landskyld av bruket var 2 skinn. Buskapen på bruket var da 3. naut og 5 sauer, og den årlege utsæden av korn var kring 1 td. Det er elles fortalt at det var skog der nok til brenneved og gjerdefang, men Isakstua hadde enda ikkje seter. Dei hamna heime om våren og leigde seg seter om sommaren. Om jordbruket er det vidare fortalt at eigedommen er lettbrukt og at jordarten er god.

Elleve år seinare var det likevel strid om Ole Siverson kunne seiast å vera rett eigar av Isakstua. Denne saka som gir fleire opplysningar av interesse, er i utskrift av tingboka referert slik:

”Fliflet i Fåberg 16. febr. 1734.

Ole Olsen Klokke har innstevnt Ole Siverson Isackstuen fordi han ikke vil erlegge sin andel av de penge som grd. Nord-Hoven er påkommen å utlegge og av oppsidderne betalt for odelsretten til gården, siden Ole Isackstuen kjøpte den part han nu eier og bebod og fordi han heller ikke vil motta de penge han har utlagt for Isackstuen.

Innstevnte forelegges laugdag til neste ting.

Fliflet 15. juni 1735.

Eragtet: Ole Isackstuen har med det irettelagte skjøte fra Lars Larsen Nord-Hoven bevist å være rette eier av Isackstuen. Og da Lars Larsen ikke er stevnt, så avvises saken til lovformelig stevнемål.”

To år seinare lånte Ole Siverson Isakstuen 110 rd. av Erik Nilsen Børke mot pant i ”hans eiende halve ødegård Isachstuen, skyld 2 skind med bøksel.” –

Den 15. november 1735 var det barnedåp på ein plass ved Isakstua. Barnet som vart døypt den dagen, fekk namnet Ole, og faren heitte Siver Olsen. – Etter atter 6 år fekk i 1741 eldste sonen, Siver Olsen, samsøskenskjøte på ”ødegården Isackstuen” for 137 rd. 8 ort, som han hadde løyst inn. Samtidig hadde kjøparen lånt 110 rd. av Erik Fagstad mot pant i garden. Av dette skjøtet går det elles fram at Siver Isakstuen hadde 4 fullsøsken som da levde. Det var: brørne Ole Olsen og Johannes Olsen og søstre Dordi og Kari Olsdøtre.

Siver Isakstuen brukte garden til i 1745. Da gav han skjøte til Engebret Olsen på 1 skinn i Isakstuen for kjøpesum 94 rd. Etter atter 4 år selde Siver også den resten han enda åtte, Isakstuen av skyld 1 skinn, også til Engebret Olsen for sum 147 ½ rd. + føderåd til mor åt

seljaren, gamle Marte Olsdr. Ved denne handelen er kjøparen kalla korporal Engebret Olsen. Og korporal Engebret som altså hadde kjøpt Isakstua som to halvdelar, var dermed eine eigar av heile garden, av skyld 2 huder. I samband med den siste handelen lånte Engebret Olsen Isakstuen, som han da er kalla, 140 rd. av Erik Nilsen Opjordet mot 5% årleg rente og 1. pr. pant i ”gærdeplassen Isachstuen der skylder årlig 2 skind.”

I 1755 let ”Siver Olsen ved Nordhoven” tinglyste odelsretten til odelsgarden Isakstuen for son sin, Ole Siverson, som da var 16 år, og som vi før har fortalt var døypt i 1739. Av kyrkjeboka går det elles fram at Ole Siverson f. 1739 hadde ein bror, Engebret, som i 1755 var 11 år. Her skal vi med det same ta med at bestefaren Ole Siverson døde i 1744, seksti år gamal, og at sonen Ole Siverson gifta seg i 1739 med Anna Embretsdr., som var frå Lier. To av sønene deira var altså Ole, som var eldst og hadde odelsretten til Isakstua, og Ingebret, som i 1755 var 11 år.

Året etter odelslysinga gav i 1756 Engebret Olsen Isachstuen, ”korporal ved et landvernkompani” skjøte til odelsmannen Johannes Olsen og arvingar på garden Isachstuen av skyld 2 skinn for 245 rd. + føderåd til mor si Marte Olsdr. Kjøparen lånte med det same 240 rd. av Christopher Pedersen Boleng mot 4% årleg rente og 1.pr.pant i Isakstua.

I 1759 var Isakstua atter på handel. Ole Bentsen Mellum gav da med fullmakt frå svogeren sin Johannes Olsen Isakstuen skjøte til Peder Engebretsen Kiølgård frå Øyer. Dette skjøtet som også elles kan vera av interesse, har i utskrift denne ordlyden:

”Isachstuen.

Skjøte dat. 14. april 1759 tgl. 18. juni s.å.

Fra Ole Bentsen Mellom av Fåberg med fuldmagt for sin svoger Johannes Olsen Isachstuen til Peder Engebretsen Kiølgård av Øier og hans arvinger på gærdeplassen Isachstuen i Fåberg beliggende og skyldende 2 skind for sum 265 rd. Ole Siverson med sin far og kurator Siver Olsen selger sin odels og løsningsret til Peder Engebretsen til gærdeplassen Isachstuen for 135 rd. så denne gærdeplads har nu kostet Peder Engebretsen 400 rd. Kjøperen skal svare føderåd til Johannes Olsens efterlatte hustru Kari Olsdr.”

Peder Engebretsen Kiølgård hadde heller ikkje Isakstua meir enn i 3 år. Da selde han garden til Johannes Engebretsen Amundhusene og arvingane hans for kjøpesum 265 rd. + føderåd som frå før følgde garden.

Den nye brukaren ville ha synfaring og takstforretning på gærdeplassen Isachstuen, og ei samantrengt utskrift gir desse opplysningane om saka.

”19. juni 1762.

Besiktigelse og takstforretning på gærdepl. Isachstuen. Johannes Engebretsen som avvigte vår har kjøpt grd.pl. Isachstuen har innvarslet Syver, Ole og Johannes Olssonner til å overvære den rekvirerte besiktigelses og taksationsforretning, som formentlig odelsberettigede til denne gærde.

Bygninger: 1 stue med svalgang, 1 låve, 1 hus ved låven, før benyttet til hestestall, 1 gl. hølade, 1 gl. bod med loft, 1 gl. ildhus, 1 tørkestue, 1 gl. hus som brukes som småkreaturhus, 1 gl. hølade opp i engen, På sæteren 1 størhus, 1 bod og fæhus.

Bygningar og gjerder blev takseret.”

I 1768 er Johannes Engebretsen kalla Johannes Engebretsen Roen el. Røen av Øyer. Han gav da skjøte til Ole Siverson, som før hadde fått sin odelsrett tinglyst, og som nå kjøpte garden heimatt til ætta. Kjøpesummen for odelsgarden Isakstua var da 360 rd.

Frå mellomtida fortel kyrkjebøkene også sitt om dei som levde og døde her i Isakstua. Lars Olsen Isakstuen som er kalla gevorben soldat, døde 5. mars 1745, berre 24 år gamal. Om

dødsårsaka var sjukdom eller ei anna ulykke går ikkje fram av meldinga. Same året døde og Lars Siverson Isakstuen berre 11 veker gamal. – Tretten år seinare døde i 1758 Marte Olsdr., og etter atter fem år døde i 1763 Mari Larsdr. Isakstuen, 55 år. Anne Engebretsdtr. Isakstuen vart 78 år og døde i 1789, og Goro Hansdr. Isakstuen som døde i 1790, var 63 år. Søstera Kari Hansdr. som vart 70 år, levde til i 1796.

Men ”mens graven kastes vuggen gynger”, og slik var det og her i Isakstua. 17. september 1798 vart det riktig nok gravlagt eit dødfødt guttebarn frå Isakstua. Men andre fekk da den livsens lagnad å vekse opp: Føde i dei åra vi her har for oss var såleis Berte Engebretsdtr. Isakstua, f. 13. april 1751, Michel Engebretsen Isakstua f. 2. novbr. 1753 og Johans Siverson Isakstua født 7. sept. 1755. – I denne tida budde det altså to familiar i Isakstua. –

Ole Siverson Isakstuen brukte garden til i 1793. Da overlet han odelsgarden til eldste sonen sin Ole Olsen for kjøpesum 249 rd.+ føderåd til foreldra.

Åtte år seinare var den store folketellinga i 1801, og manntalet for Fåberg viser at det da budde berre 1 familie på gardsbruket Isakstua. Det var: 1. Ole Olsen, husbonden, 30 år, 2. Gjertrud Engebretsdtr., kona hans, 33 år, 3. Ole Olsen, son deres, 8 år, 4. Gjertrud Olsdr., dotter deres, 5 år, 5. Johannes Olsen, son deres, 2 år, 6. Ole Siverson, far til husbonden, føderådsmann, 61 år.

I 1815 gav Ole Olsen d.e. skjøte til Ole Olsen d.y. på grd. Isakstuen for kjøpesum 500 riksbankdalar + føderåd til faren.

Fire år seinare kom i 1819 det nye matrikkelframlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Isakstua fortalt at husdyrhaldet i den tid var ½ hest og 3 naut, og den årlege kornavlinga var ca. 15 tdr. bygg.

Ole Olsen d.y. hadde elles ikkje Isakstua meir enn i 12 år. Da gav han i 1827 skjøte til bror sin Johannes Olsen. Johannes Olsen hadde så heile garden til i 1836, da han selde den eine halvparten, Isakstua av skyld 1 skinn, til Johannes Rasmussen. I matr. for 1838 er det såleis to løpenr. under Isakstuen, løpenr. 137 a. som Johannes Olsen hadde, og løpenr. 137 b, som Johannes Rasmussen var eigar av. Bruka vart framleis rekna for å vera like gode, og baa hadde da fått ny matr.skyld med 3 skyld-ort og 13 skilling kvar.

Året etter, altså i 1839, selde elles Johannes Olsen sin halvpart til Johannes Rasmussen, som etter det altså vart eineigjar av Isakstuen av samla justert skyld 1 skylddalar 2 ort 2 skilling. I den tid Johannes Rasmussen hadde Isakstua, vart gardbrukarane som hadde bruksrett i Fåberg østre allmenning, vorte einige om å ha skifte av seterskogen der. Denne utskiftinga vart ordna i tida mellom 8. juni 1846 og 20. mars 1848.

Fjorten år seinare var i 1862 Isakstua atter på handel. Enka etter Johannes Rasmussen selde da gardsbruket Isakstua av skyld 1 dlr. 2 ort 2 skill. for kjøpesum 300 spd.

Tre år seinare kom i 1865 den store jordbrukstellinga med fleire nyare opplysningar om gardane. Om gardsbruket Isakstua er det der fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkje i den tid var 47 mål, og av dette var 17 mål jord av 1. klasse. Det er vidare fortalt at buskapen på garden da var 1 hest, 8 naut, 14 sauer og 13 geiter. Samtidig er det opplyst at utsæden av korn var ½ td. bygg og 3 tdr. blandkorn, og at det årleg vart sett ca. 2 tdr. poteter. Frå 20. mars er ein tinglyst avtale mellom setereigarane på Reina setr om bruken av setra, og i 1880 vart skogen som låg til Reina seter skifte. Utskiftinga vart ordna i tida frå juni 1877 til februar 1880.

Etter ei lang førebuing kom i 1886 endeleg den nye norske matrikkelen, og gardane fekk tildelt nye gards- og bruksnr. og ny matrikkelskyld. Isakstuen, som garden der er kalla, fekk d gardsnummer 174 med ny matrikkelskyld 2,46 mark, og det var da framleis Ole Engebretsen som var eigar og brukar av garden. Same året tok elles Johannes Engebretsen over garden og gav samtidig føderådskontrakt til Engebret Olsen.

I 1901 budde det 2 familiar i Isakstua. Det var:

1. familie: 1. Johannes Engebretsen, husbonden, 65 år, 2. Mathea Johannesdtr., kona hans, 58 år.
2. familie: 1. Andreas Johannesen Isakstuen, skreddar, 36 år, 2. Louise Hansdtr., kona hans, 58 år, 3. Johannes Johannesen Isakstuen, arbeider, 32 år, 4. Mathias Johannesen Isakstuen, arbeider, 29 år.

Fem år seinare gav i 1906 husbonden Johannes Engebretsen skjøte til sonen Johannes J. Isakstuen på grd. Isakstuen for samla sum kr. 16000. I denne summen var medrekna for husdyr og div. innbu kr. 1200 og for føderåd etter femårig verdi kr. 1250.

I all denne tid var Isakstua for det meste berre eitt bruksnummer. Først i 1932 vart bruksnr. 2 skyldsett og parsellert ifrå garden. Det fråselde bruksnr. 2 Akre av skyld 0,01 mark var overtatt av Ivar K. Sveum.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var Johannes J. Isakstuen framleis eigar og brukar av gr.nr. 174 1. Isakstuen. Det oppgitte jordbruksareal av åker og hage og eng var da ca. 20 mål. – Etter opplysningar frå 1952 hadde da Oscar J. Isakstuen tatt over som eigar og brukar, og det er opplyst at areal av produktiv skog i den tid var ca. 300 mål (da).